

**RETTLEIAR FOR
FORELDRERÅD OG
SAMARBEIDSUTVAL (SU)
I ROTSET BARNEHAGE**



Velkomen som forelder og foreldrerepresentant i barnehagen

Det er vedteke i Lov om barnehager §4 at alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU). Foreldreråd og Samarbeidsutval skal sikre samarbeid mellom barna sin heim og barnehagen.

Dette skrivet er laga for å gi foreldre og SU-medlemmar ei orientering om korleis samarbeidet mellom foreldre og barnehagen, som skildra i Lov om barnehager og Rammeplan for barnehagen, praktiserast i Rotset barnehage.

Foreldreråd

Alle foreldre/føresette som har barn i Rotset barnehage er medlemmar av Foreldrerådet. Foreldrerådet skal fremje foreldra sine felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppaa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal bli forelagt saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen, t.d. foreldrebetaling, driftsendringar, arealutnytting m.m. Foreldrerådet har normalt møte to gongar i året. Eit på hausten og eit på våren. Rådet har rett til å uttale seg før avgjersler blir tekne, men har ikkje eigen vedtaksmynde. Vedtaksmynde får medlemmane først når dei er samla i Årsmøtet eller er valde inn som medlemmar i Styret.

- Foreldrerådet sine oppgåver:

- Foreldrerådet vel to medlemmar + ein vara som blir foreldrerepresentantar i Samarbeidsutvalget (SU). Ein av medlemmane til SU skal vere «Tiger» forelder.
- Foreldrerådet skal bidra med konstruktive forslag til den daglige drifta av barnehagen.
- Skal ta opp saker som foreldre/føresette melder inn.
- Barnehagen sin styreleiar er leiar for foreldrerådet, og kallar inn til møte.
- I forkant av møter sender styreleiar ut saksliste, samt etterspør saker og kommentarar til punkt på sakslista.

- Det først eigen protokoll for foreldrerådet, som skal innehalde rådgivande uttale som foreldrerådet har fatta. Tid og stad for møta skal gå fram av protokollen, liksom stemmefordeling og ueinigheit som krevjast protokollført. Foreldrerådets referent signerer protokollen. Protokollen er tilgjengelig berre for foreldrerådets medlemmar, styret, dagleg leiar, og dei personane som får tilgang frå foreldrerådet.



Samarbeidsutvalet (SU)

I barnehagelova §4 står det;

«Samarbeidsutvalet skal vere et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre og tilsette i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene»

«Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalet.»

Foreldre og tilsette skal delta med like mange representantar. I Rotset barnehage består SU av 2 foreldre/føresette, 2 tilsette og eigars representant(styreleiar). Dagleg leiar skal vere med på møta, og har møte-, uttale og forslagsrett.

Samarbeidsutvalet skal bli forelagt saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, og SU medlemmane uttalar seg på vegne av foreldrerådet. Aktuelle måter å samle inn foreldra sine meiningar er via e-post, tid sett av på foreldremøter eller eigne foreldrerådsmøter.

Medlemmane veljast i utgangspunktet for eitt år av gongen, og veljast på foreldreråd om hausten. Vi har fokus på kontinuitet, det vil sei at det er å foretrekke at ikkje alle medlemmane byttast ut samtidig. Som SU-representant får du anledning til å bli kjent med barnehagen som verksemd på ein litt annan måte enn i levere- og hentetida.

Du blir Foreldrerådet si stemme og vil bli tatt med på råd i saker som er av betydning for barnehagen sine foreldre/føresette. Du får vere med på fastsetjing av barnehagen sin årsplan samt vere med på å arrangere ulike sosiale arrangement.

Samarbeidsutvalet (SU) sine oppgåver

- Dagleg leiar kallar inn til det første møte på hausten.
- SU konstituererar seg sjølv og vel sin leiar.
- SU skal fremje eit godt samarbeid og god kommunikasjon mellom barnehagen og foreldregruppa. Utvalet drøftar, samkøyrer og avgjer saker som er meldt inn frå foreldre, personal og eigar.
- SU skal med utgangspunkt i rammeplanen, fastsetje årsplan for den pedagogiske verksemda, og skal vere med på å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag.
- Uttale seg om viktige saker som angår drifta av barnehagen. Saker kan vere forslag til budsjett, driftendringar, arealutnytting m.m.
- SU har rett til å uttale seg dersom barnehagen må søke om dispensasjon frå norma om pedagogisk bemanning. SU sin uttale skal leggjast ved eigar sin søknad om dispensasjon. SU har i hovedsak ein rådgivande funksjon, men unntak er vedtak av årsplanen.
- Saker som gjeld arbeidstakar sitt arbeidsforhold, opptak av barn o.l. skal ikkje bahandlast av SU.

- Møter i SU er etter plan fastsett av SU, og for øvrig når SU leiar eller barnehagen finn det nødvendig. Det blir laga ein møteplan på hausten for møta gjennom året.
- Alle medlemmar i SU kan fremje saker som skal takast opp.
- SU leiar og dagleg leiar kan samarbeide om sakliste til møta. Saklista blir delt med foreldra og tilsette i forkant seinast 1 veke før møtet.
- Leiar for SU ansvar for å leie møtet.
- Referatskriving går på omgang mellom medlemmane.
- Godkjent referat frå SU sendast til dagleg leiar, som legg ut referatet på tavla i Kidplan for foreldre og tilsette.
- SU skal haldast orientert av dagleg leiar om barnehagen sine økonomiske rammer, budsjett og personalsituasjon.
- Avgjerslar gjerast ved drøftingar og avstemning. Ved avstemning har kvar representant ei stemme, og vanleg fleirtalsvetak gjeld. Ved stemmelikeheit har leiar dobbeltstemme.
- SU kan organisere sosiale arrangement og temakveldar for heile barnehagen.
- Foreldrerepresentantane i SU + varamedlem skal samarbeide med barnehagen i arrangering av 2 sosiale arrangement i løpet av året, som Adventsfest i desember og Sommarfest i juni.
- SU skal i samarbeid med Styret i barnehagen gjennomføre dugnad for alle foreldre kvart år. SU deltek på 1. planleggingsmøte, der ein avklarar ansvar vidare.
- Leiar i SU har ansvar for å ta 17. mai fanen til barnetoget. Leiar henter fanen i barnehagen og levere tilbake etter 17.mai.



På barnehagen si heimeside og i kvar garderober skal det vere ei oppdatert liste over medlemmar i styret og SU med telefonnummer og e-postadresser. Dette for at alle foreldre skal vere orientert om kven dei kan kontakte dersom dei har saker for Styret, Foreldreråd eller Samarbeidsutvalet.

Adventsfest og Sommarfest

Rotset barnehage har to årlege festar som foreldra har medansvar for. Foreldrerepresentantane i SU + varamedlem har ansvaret ilag med barnehagen om den praktiske gjennomføringa av desse festane. Dagleg leiar har ansvaret for å orientere om oppgåvene og gi ei påminning til gruppa i god tid før festane.

Foreldrerepresentantane skal:

- Finne dato for festen i samarbeid med dagleg leiar.
- Avtale med dagleg leiar kva som er aktuelt av program frå barna.
- Adventsfesten skal vere i midten av desember (veke 50).
- Sommarfesten skal vere i midten av juni.
- Finne høveleg lokale. Lurt å booke tidleg om ein nyttar eksternt lokale.
- Skrive innbyding til born, foreldre, besteforeldre og personale.
- Avgjere kva slags mat det skal vere på festen.
- Sette opp fleire foreldre med ansvarsområde dersom det trengs.
- Ansvar for å ordne blomsterhelsing til styreleiar som går av. Denne utdelast på sommarfesten i barnehagen. (Denne kan bestillast på rekning til barnehagen, avtal med dagleg leiar)
- Om ønskeleg. Ordne helsing frå 5-åringane til personalgruppa på sommarfesten. Dette i avtale med foreldre for dei eldste barna.
- Skrive evaluering av festane etterpå slik at det vert enklare for neste års gruppe. Referat lagrast i «Festpermen»
- Planar, referat og evalueringar frå tidlegare festar finn de i permen.
- Permen leverast til dagleg leiar når vervet er avslutta.

Årshjul:

I løpet av eit barnehageår er det ca to møter i Foreldrerådet. Møter for Samarbeidsutvalet (SU) kan variere frå år til år då antall saker vil vere styrande for antall møter.

Månad	Oppgåve	Ansvar
August		
September	Foreldremøte Foreldrerådsmøte	Dagleg leiar Styreleiar
Oktober	SU møte	Dagleg leiar
November	SU møte Planlegge Adventsfest	SU leiar Dagleg leiar og SU
Desember	Adventsfest	BHG/SU
Januar		
Februar	SU møte	SU leiar
Mars		
April	Årsmøte Foreldreråd	Styret Styreleiar
Mai	Dugnad 17. mai fana i toget	SU og Styret SU leiar
Juni	SU møte Planlegge og gjennomføre Sommarfest	SU leiar Dagleg leiar og SU

Vel møtt til eit spennande og viktig samarbeid i vår barnehage!

Rotset barnehage 23.10.25

Signe Moldskred

dagleg leiar

Barnehagen sin visjon:

